



HØGSKULEN I VOLDA
Volda University College

Nyhendebrev nr. 31, 15. september 2022

Nyhendebrev frå rektor til tilsette og studentar ved Høgskulen i Volda.

Redaktør: Rektor Johann Roppen, johann.roppen@hivolda.no.

[Tidlegare nyhendebrev og side for påmelding til nyhendebrevet.](#)



Wenke Mork Rogne har blitt professor i norskdidaktikk

Wenke Mork Rogne, AHL, har fått opprykk til professor etter at ho søkte om å bli vurdert for opprykk internt. Kommisjonen la til grunn at ein må ha publisert tilsvarande tre ph.d.-avhandlingar og var ikkje i tvil om at Rogne oppfylte krava. TUFO (Tilsettingsutvalet for fagleg tilsette) stadfesta denne veka opprykket.

[LES MEIR](#)



Nærnett, Radio Volda og Nærsynet er tilbake

Journaliststudentane har no starta haustpraksisen og det betyr at [Nærnett](#), [Radio Volda](#) og [Nærsynet](#) er tilbake, fullt av lokale nyhende, kommentarar - og anna.

[LES MEIR](#)

Studium og studentliv

Rekordopptak på Kunst og Handverk

På den første samlinga i Kunst og handverk 1 deltok det heile 30 studentar. Dette er det beste opptaket sidan oppstarten i 2019. Tilbodet er ein del av "Kompetanse for kvalitet". Med så stor interesse har høgskulen søkt Utdanningsdirektoratet om å få tilby eit kurs til. [Les meir på nettsidene våre](#).

Masterorg for MAGLU-studentane

Årets kull med lærerstudentar er det andre MAGLU-kullet som skal skrive masteroppgåve, og for tips og inspirasjon har AHL vidareført mastertorget der studentene kan snakke med faglærer om studiet - og kanskje særleg masteroppgåva. [Les meir på nettsidene våre](#).

Studieprogram: Meld inn namn på studentar i kvalitetsutval

Prorektor Odd Helge Tonheim har i ein e-post til alle på HVO 6. september bede alle studieprogramleiarar om å melde inn namn på studentar som er valt som kvalitetsutvalsmedlem/tillitsvalt på dei ulike årskulla på gradsgjevande studieprogram. Bruk lenka i e-posten. Frist for innmelding er 25. september.

Biblioteket: Korleis vere student? Vellukka kurs med gratis taco

Biblioteket på Høgskulen i Volda arrangerer i september og oktober kurs i det å vere student: Studieteknikk, studentvelferd, eksamen, akademisk skriving og om biblioteket sine tenester. På det aller første kurset kom det heile 44 studentar, og det er på veg omtale av kurset i NRK Møre og Romsdal. Det same kurset vert halde tre gonger til i haust slik at det skal vere lett å finne ei tid som passar. Og så blir det gratis taco etterpå. Kurset er også lagt inn i kalenderen på www.hivolda.no og det neste kurset vert halde 28. september klokka 16.00. [Les meir på nettsida til biblioteket](#).

Internasjonal utveksling i 2023? Søknadsfristen er 1. oktober

Er du interessert i å studere i utlandet til våren? Hugs å søke om utveksling før 1. oktober! I haust har Høgskulen i Volda (HVO) mange studentar på utveksling rundt om i verda. No nærmar fristen seg for å søke om utveksling for vårsemesteret 2023. [Les meir på nettsidene våre](#)

Styre og stell

Styremøte 15. september: Mange store saker

Høgskulestyret har sitt første møte i haust 15. september, og [styresakene vert lagt ut på nettsidene våre i løpet av torsdag 8. september](#). På dagsorden står blant anna framlegg om å søke om akkreditering av ny doktorgradsutdanning; revisjon av kvalitetssystemet; ny forskrift om opptak, studium og eksamen; revisjon av valreglementet; utpeiking av leitekomite for ny rektor/prorektor og retningslinjer for fastsetting av løn til rektoratet. Lenke til videooverføring frå møtet blir lagt ut på www.hivolda.no før møtet.

Førstehjelpskurs 25. oktober: Hjarte- og lungeredning og bruk av hjartestartar

Høgskulens bedriftshelsteneste AVONOVA held 25. oktober eit 3 timars grunnkurs i basal hjarte – lungeredning (BHLR) med gjennomgang av bruk av hjartestartar. Det er plass til 16 deltakarar på kurset som vert halde i arbeidstida. Sjå informasjon sendt på e-post til alle på HVO frå Solbjørg Nossen Leite 1. september for meir informasjon og påmelding til kurset.

Fag og forskning

Dobling av kvinner med toppkompetanse

Høgskulen i Volda får stadig fleire kvinner med toppkompetanse, altså professorar og dosentar. Wenke Mork Rogne vart den fjerde nye kvinnelege professoren på HVO i 2022. Tre av dei har fått personlege opprykk og éi vart tilsett som professor. No utgjer kvinner nærare 40 prosent av professorane og dosentane på HVO. Dette er ei dobling sidan 2016 og ei dobling var også eit mål i førre strategiplan.

Synnøve Hedemann Amdam har disputert ved Universitetet i Oslo

Synnøve Hedemann Amdam disputerte 9. september 2022 for ph.d.-graden ved Universitetet i Oslo med avhandlinga: "Media teachers' discursive understandings in developing 21st century education: Are we the tugboat, the satellite, or the terror cell?" [Les meir på nettsidene våre](#).

50-års jubileum for kyrkjeleg utdanning i Volda

Hausten 1971 kom ein i gang med undervisning ved distriktshøgskulen i Volda. Året etter kunne ein lyse ut eit studium i «Organisasjon og velferd, teologisk line». 50-årsjubiléet for dei kyrkjelege utdanningane i Volda vert markert med eit fagleg seminar, jubileumsfest og gudsteneste i samband med Forskingsdagane siste helga i september. [Les meir på nettsidene våre.](#)

Forskingsdagane nærmar seg: Temaet er "Hav"

Under Forskingsdagane på Høgskulen i Volda 23. september - 1. oktober 2022 kan du mellom anna få med deg Livet i havet-arrangement ved Runde Miljøsender, biletforedrag om Shetlandsfararar i Fosnavåg, filmvising ved Hjørundfjord Filmteater på Sæbø og boklansering og omvisning på Bjørkedalen. [Les meir på nettsidene våre.](#)

Jan Ove Ulstein i Khrono: Gode grunnar til å behalde tellekantane

[Dosent em. Jan Ove Ulstein](#), AHL/IRL har skrive ein kommentar i nettavisa Khrono der han argumenterer for at det kan vere gode grunnar til å behalde tellekantane for publisering - og så slår han eit slag for artikkelsamlinga som sjanger (antologiar). [Les kommentaren her.](#)

Nye bøker i biblioteket: Oversynet er tilbake

Biblioteket har no laga eit oversyn over alle nyinnkjøpte bøker. Bøkene er sorterte på måna dei vart kjøpt inn. Mange tilsette har etterspurt eit slikt oversyn og biblioteket håper mange set pris på at denne tenesta no er tilbake. [Du finn lenka under "Nyinnkjøpt litteratur" på biblioteket sine nettsider.](#)

Nytt om namn på HVO

Endre Eidsaa Larsen fast tilsett som førsteamanuensis

[Endre Eidsaa Larsen](#), AMF/Animasjon, har fått fast stilling som førsteamanuensis i film og animasjonsvitenskap. Larsen har vore tilsett på avdeling for mediefag i fleire år som høgskulektor og stipendiat og [disputerte i 2021 ved NTNU.](#)

Liv og røre

Høgskulen har fått bedriftsidrettslag

På eit skipingsmøte 7. september vart det oppretta bedriftsidrettslag ved Høgskulen i Volda. Eivind Patrick Hanevik vart vald til leiar for Høgskulen i Volda bedriftsidrettslag. Natalie Donohue, AHL og Kjell Einar Dagfinrud, ASH, er også med i styret.

Publisering og formidling

Det er veldig kjekt å melde om nye publiseringar og formidling i nyhendebrevet, så send meg gjerne informasjon om ei bok, ein tidsskriftartikkel, ein kronikk eller anna du har fått publisert, og skriv gjerne også ei setning eller to om kva publiseringa handlar om. [Hugs også på å registrere publiseringane dine i Cristin.](#)

Legg også ved lenke til publiseringa di.

Fire AHL-tilsette har publisert i "Education Inquiry"

Fire tilsette på AHL har publisert ein artikkel i tidsskriftet Education Inquiry. Tittelen på artikkelen er "Students' experiences of assessment and feedback engagement in digital contexts: a mixed-methods case study in upper secondary school". Forfattarane er førsteamanuensis Kim-Daniel Vattøy, professor Siv Gamlem, høgskulelektor Lina Rebekka Kobberstad og professor Wenke Mork Rogne, alle AHL. [Artikkelen er tilgjengeleg for alle og kan lesast her.](#)

Ledige stillingar

[Sjå alle ledige stillingar på nettsidene våre.](#)

Rådgivar/seniorkonsulent løn - søknadsfrist 15.9.2022

Ved Høgskulen i Volda, Personal- og dokumentforvaltning er det ledig fast 100 % stilling som rådgivar/seniorkonsulent frå snarast mogleg. Personal- og dokumentforvaltning er ein del av dei felles administrative einingane ved høgskulen. Vi er 9 faste tilsette med varierende arbeidsoppgåver som

blant anna løn, tilsetting, sjukefråvær, HMS, arkiv og refusjonar. Stillinga som er ledig er knytt til lønsområdet og er ei stilling med varierte arbeidsoppgåver.

[Les meir om stillinga og send søknad på nettsida vår.](#)

Møte, seminar og anna på HVO:

[Oversyn over møte og sakspapir til sentrale råd og utval ved HVO.](#)

Faglege arrangement på og ved HVO:

Hausten 2022:

- 15.9.2022: [Høgskulestyret](#)
- 23.-27.9.2022: [Forskingdagane 2022](#)
- 28.-29.9.2022: [Karrieredagane](#), Ørstahallen
- 29.9.-2.10.2022: [Animation Volda 2022](#)
- 29.9.-30.9.2022: [Forskingleiarprogram - første samling](#)
- 6.10.2022: [Fagdag BUP - konsekvensar av traume og stressrelaterte lidingar hjå born og unge](#), HVO
- 24.-26.10.2022: [Øyralangs, kulturvandring i Elvadalen](#)
- 27.-28.10.2022: [Barnehagekonferansen 2022](#), Ålesund
- 1.11.-2.11.2022: [Utdanningsdagane 2022](#)
- 3.11.2022: 50-års markering av historiestudiet ved Høgskulen i Volda
- 3.11.2022: [Høgskulestyret](#)
- 4.11.2022: [Sinnemeistring hos vaksne](#), HVO
- 16.11.2022: 100-årsmarkering for Henrik Kaarstad-huset
- 18.11.2022: Avdelingsseminar ASH
- 8.12.2022: [Høgskulestyret](#)
- 2.-9.12.2022: [Val av ny rektor og prorektor](#)

Våren 2023:

- 19.1.2023: Høgskuleforum ("Forum for det utvida høgskuleområdet"), HVO
- 8.2.2023: [Internasjonal dag 2023](#)
- 8.3.2023: Samskapings- og innovasjonskonferanse, HVO
- 9.3.2023: [Høgskulestyret](#)
- 3.-4.5.2023: Styreseminar og [Høgskulestyret](#)
- 15.6.2023: [Høgskulestyret](#) (siste i styreperioden)

Faste lenker:

LEDIGE STILLINGAR VED HØGSKULEN I VOLDA

<https://www.hivolda.no/stilling>

REKTORBLOGGEN

15.9.2022: [Orientering til høgskulestyret](#)

[Alle innlegga på rektorbloggen](#)

HVO PÅ SOSIALE MEDIA MM.

[Finn-ein-forskar-på-HVO](#)

[Tiktok](#)

[Facebook](#)

[Twitter](#)

[Instagram](#)

[Youtube](#)

[HVO-blogger](#)

[Nynorsksenterets blogg.](#)

[Løpande oppdatering av straumproduksjonen i solcelleanlegget](#)

STUDENT- OG ØVINGSMEDIA:

[Knaggen](#) (portal for studentmedia)

[Studentradioen](#)

[StudentTV](#) - Sjå også [Youtube-kanalen](#)

[Radio Volda](#)

[Nærsynet](#)

[Nærnett](#)

Høgskulen i Volda

Tlf: [70075000](tel:70075000)

E-post: postmottak@hivolda.no

[Personvern](#)



[Endre kontaktinfo](#)

[Meld deg av e-postlista](#)

